



Norstrand Eiendomsrådgivning As
Storebotn 10
5309 KLEPPESTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8798 - 23/6608

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
25.01.2023

Søknad om frådelling - gbnr 346/1 Åsebø

Tiltak: Søknad om frådelling
Byggjestad: Gbnr 346/1
Tiltakshavar: Ivar Magnar Dalland
Heimelshavar: Atle Magne Dalland
Ansvarleg søkjar: Norstrand Eiendomsrådgiving AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.12.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kommunen finn at søknaden ikkje kan handsamast etter læra om frådelling til uendra bruk. Bruken må vere etablert og lovleg før området vart sett av til LNF.

Det må derfor søkjast om dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan Meland. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan 02.03.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Til orientering er saka sendt til landbruksavdelinga i kommune for uttale etter jordlova. Når kommunen har motteke søknad om dispensasjon vert saka sendt til uttale til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har 4 veker frist til å komma med uttale. Når fristen er ute, eller kommunen har motteke uttale, vert saka handsama.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Atle Magne Dalland
Ivar Magnar Dalland

Åsebøvegen 174
Langarinden 395

5917 Rossland
5132 NYBORG

Mottakarar:

Norstrand Eiendomsrådgivning As

Storebotn 10

5309 KLEPPESTØ